

# Personvernfråsegn

Oppdatert 13. mai 2020

## 1. Innleiing

Foreininga Spinae Sunnhordland tar ditt personvern på alvor, og er plikta til å behandle personopplysningar på en forsvarleg måte. Denne personvernfråsegna skildrar kvifor Foreininga Spinae Sunnhordland samlar inn informasjon om deg, korleis vi brukar denne informasjonen og korleis vi tar omsyn til ditt personvern.

Personopplysningar er opplysningar som kan knyttast til deg som enkeltperson.

Styreleier er hovudansvarleg for vår behandling av personopplysningar.

## 2. Formålet

Formålet med å innhenta og behandla personopplysningar er å ivareta *medlemsavtalen*<sup>1</sup>, herunder gi god oppfølging og service til medlemmer og andre personar tilknytt Foreininga Spinae Sunnhordland.

Medlemskap i Foreininga Spinae Sunnhordland medfører at vi må behandla personopplysningar i ulike samanhengar, slik som ved administrasjon av aktivitet inkludert i samband med offentlege førestillingar, medlemskap, tillitsverv og som grunnlag for rapportering til offentlege styresmakter.

## 3. Rettsleg grunnlag

Foreininga Spinae Sunnhordland kan innhenta og behandla personopplysningar med heimel i *medlemsavtalen*. Når ein person frivillig melder seg inn i Foreininga Spinae Sunnhordland har vi lovleg grunnlag for registrering og behandling (behandlingsgrunnlag) av nødsynte personopplysningar.

Dersom personopplysningar skal behandlast på ein måte som ikkje rimeleg følgjer av *medlemsavtalen*, vil dette berre skje med bakgrunn i innhenta samtykke frå deg.

## 4. Innhenting og behandling av personopplysningar

Personopplysningar vert innhenta i samband med at ein person melder seg inn i Foreininga Spinae Sunnhordland. Dette skjer via innmeldingsskjema på vår heimeside. Det er friviljug å melda seg inn.

Vi kan også innhenta personopplysningar i samband med at en person melder seg på som deltakar i eit av våre kurs og andre arrangement. Dette skjer via løysinga for påmelding til kurs/arrangement. Det er frivillig å melde seg på til våre kurs/arrangement.

Vi innhentar kontaktopplysningar som namn, adresse, telefonnummer, fødselsdato, kjønn og e-post adresse.

I tillegg kan det bli teke bilete av medlemmene i samband med kurs og andre arrangement i regi av foreininga eller som foreiningsmedlemmene deltek på som medlemmer av foreininga. Desse bileta kan verta nytta i samband med omtale av førestillingane på nettside og sosiale media.

---

<sup>1</sup> Når en person melder seg inn i en medlemsorganisasjon oppstår implisitt en medlemsavtale.

Personopplysningene er berre tilgjengeleg for tillitsvalde og andre nøkkelpersonar i Foreininga Spinae Sunnhordland som har rettmessig behov for tilgang til disse. Konfidensialitet er ivaretatt ved at alle med slik tilgang har samtykket til teieplikt.

Det kan vera aktuelt å gi personopplysningar til andre dersom det er eit vilkår for å få økonomisk tilskot. Dette gjeld t.d. Studieforbundet Kultur og Tradisjon. Foreininga vil då sikra at mottakar av opplysningane behandlar opplysningane i samsvar med GDPR-regelverket.

## 5. Databehandlar

Foreininga Spinae Sunnhordland nyttar StyreWeb som heilskapleg løysing for organisasjonsdrifta, herunder medlemsregister, innmelding, arrangement og Gnist. Det er inngått eigen databehandlaravtale mellom Foreininga Spinae Sunnhordland og StyreWeb for å ivareta informasjonstryggleik og dine rettar.

StyreWeb nyttar ikkje underleverandørar, og personopplysningar vert berre lagra innanfor EU/EØS.

## 6. Sletting av personopplysningar

For å ivareta vår historikk blir dine personopplysningar lagra også etter avslutta medlemskap.

Retten til å bli gløymt i samsvar med GDPR-artikkel 17 gir deg høve til å krevja at alle registrerte personopplysningar om deg skal slettast på oppfordring, så lenge vi ikkje er lovpålagt å lagra desse. Ta i tilfelle kontakt med styreleiar, sjå informasjon i punkt 8.

## 7. Rett til å klaga

Du har rett til å klaga til en tilsynsmynde, her Datatilsynet, i samsvar med GDPR-artikkel 13(2) bokstav d.

## 8. Kontaktopplysningar

Har du spørsmål til vår personvernerklæring eller om vår bruk av personopplysningar er du velkommen til å ta kontakt.

Behandlingsansvarleg i Foreininga Spinae Sunnhordland er Styreleiar. Kontaktopplysningar til styreleiar finn du på vår heimeside.